


Førespurnad om logodesign for Meieriet på Frekhaug

Meland kommune ser etter ein designer til å lage ein logo for Meieriet Frekhaug. Meieriet treng ein logo som kan nyttast ganske snart i promoteringa av nye Meieriet gjennom annonser og program.



Om Meieriet

Meieriet er ei nysatsing på ein kulturarena og felles aktivitets- og møteplass for alle i Meland kommune. Prosjektet omfattar rehabilitering av det gamle fellesmeieriet for Holsnøy, i drift frå 1959 - 1970, og seinare i bruk som butikk, ungdomsklubb og verkstad. Bygget skal vere ein motor for å tilby sosiale møteplassfunksjonar, kulturelle opplevingar og kunnskapsutveksling blant innbyggjarar og kulturaktørar i kommunen. Hovudformål for prosjektet er å skape ein arena for oppleving, deltaking og utøving av kulturuttrykk, der den gamle produksjonssalen vert hjartet i bygget. Salen skal vere fleksibel til ulik bruk, og vil mellom anna verte utforma for behova ved rytmisk og forsterka musikk i profesjonel samanheng. Scena og salen vil verte programmert av kommunen, ved kultur, og vere tilgjengeleg for eksterne aktørar for leige og bruk til formåla. Meieriet vil vere den einaste regulært drivne scena i Nordhordland med eit nedslagsfelt på kring 30 000 menneskje, og den einaste tilrettelagt spesielt for rytmisk musikk.

Meieriet er planlagt med fleksibel bruk, og kommunen vil bruke bygget til mellom anna barne- og familiearrangement, tilskipingar over den kulturelle skulesekken og – spaserstokken, barnehagar, kulturskuleframsyningar, tilbud til eldre, ungdomsarrangement, eigne konsert- og kulturseriar, samlingar og møte. Frivillige aktørar og andre kulturaktørar vil kunne nytte bygget mellom anna til møte, foredrag, øvingar, opptak, konsertar, kafédrift, marknads dagar, ungdomsarrangement, utstillingar, dans, teater og revy, filmklubb eller spelsamlingar. Andre etasje i bygget vil verte drifta som ungdomsklubb og -base, som òg vil ha tilgang til heile lokalet. Kommunen vil gjere Meieriet til ein attraktiv stad, ikkje berre for publikum, men også for utøvande kunstnarar og artistar.

I dette høve treng Meieriet Frekhaug ein logo som kan vere eit tydeleg kjennemerke for den nye kulturarenaen. Kommunen ynskjer ein logo som viser kva Meieriet tilbyr, men som også kan ha konnotasjonar til kva det ein gong var. Det er ynskjeleg med eit uttrykk som kan stå for seg sjølv og syne til Meieriet. Slik at det vert tydeleg kva Meieriet er, utan å trenge noko meir skildring.

Om de tykkjer at prosjektet verkar interessant for dykk, send oss gjerne eit tilbod som inneheld prisoverslag og kor lang tid de vil bruke på å få ein logo ferdig, då med ynskjer å nytte oss av han så fort som mogleg. I høve logoen vil ungdomsrådet i samråd med ansette frå kulturseksjonen i kommunen kome med innspel og ynskjer undervegs.

Vonar på positiv respons!

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål til førespurnaden.

Med venleg helsing

Sigrid Fivelstad
Kulturkonsulent

Tlf: 56 17 10 65 / 10 00 Mob: 977 64 180

E-post: sigrid.fivelstad@meland.kommune.no



Meieriparken på Frekhaug av Smedsvik Landskapsarkitekter



Flyfoto frå Meland 1961-1962